



Det skal vera mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.

Studieforbundet kultur og tradisjon er eitt av landets 14 studieforbund. Med kursaktivitet i alle fylke har våre vel 40 medlemsorganisasjonar dei siste åra gjennomført meir enn 6 500 kurs årleg med nærare 80 000 deltakarar. Oppdatert statistikk er å finne på nettsida vår.





Studieforbundet kultur og tradisjon skal legge til rette for fleire og betre kurs. Medlemsorganisasjonane og Studieforbundet tilbyr saman kurs og opplæring i heile landet, dei aller fleste arrangert av lokallag. Studieforbundet har ei viktig rolle i opplæring av kursarrangørar og organisasjonsutvikling.

Studieforbundet blir drive etter Vokseopplæringsloven, fordeler statstilskot og har ansvar for behandling av søknadar, rapportar og utbetaling av statsstøtte. Du kan lese meir om dette på nettsida.

Som medeigar i Hjerleid handverksskole, sørger Studieforbundet og medlemsorganisasjonane for opplæring i enkelte vidaregåande fag som ikkje er å finne i det offentlege skulesystemet. Studieforbundet er også med i manustenesta DRAMAS.

Studieforbundet deltek i nettverk med samarbeidsorganisasjonar, og er aktiv i samfunns-, demokrati- og kompetanseutvikling.

Bunadopplæringa er ei rekke på seks kurs som gjev brei innføring i praktisk bunadssaum

Vevopplæringa er ei rekke på sju kurs som gjev ei brei innføring i handvevarfaget

Trebåtbyggjar er ei kursrekke som legg vekt på praktisk arbeid med materialar, verktøy, teknikkar, samt utvikling av handverksferdigheiter

Alle kursrekkeane bygger på kompetansemåla i læreplanen for vg3.

Meir om kursrekkeane og Studieforbundet



www.kulturogtradisjon.no
tlf: 61 21 77 50

 www.facebook.com/kulturogtradisjon